

Det heilage dåpssakramentet etter

LUTHERS VESLE KATEKISME:

Korleis foreldra på ein einfelt måte skal læra borna sine om

Dåpen

Kva er dåpen?

Dåpen er ikkje berre vatn, men han er vatn som er teke med i Guds bod og sameina med Guds ord.

Kva for eit Guds ord er det?

Vår Herre Jesus Kristus seier:

"Eg har fått all makt i himmelen og på jorda.
Gå difor ut og gjer alle folkeslag til
læresveinar, med di de døyper dei til Namnet
åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og
lærer dei å halda alt det som eg har hode
dyrk. Og sjá, eg er med dykk alle dagar så
lengje verda står." (Matt. 28, 18-20).

Kva gjev dåpen?

Dåpen gjev forlating for syndene, frelsjer fra døden og
djevelen og gjev evig sæle til alle dei som trur Guds
ord og løvnad.

Kva er så Guds ord og løvnad?

Vår Herre Jesus Kristus seier:

"Den som trur og vert døypet, skal verta frelst;
men den som ikkje trur, skal verta fordømd."
(Mark 16,16).

Korleis kan vatn gjera så store ting?

Vatn gjer det ikkje, men Guds ord som er saman med
vatnet, og trua som lit på dette ordet. Utan Guds ord
er vatnet berre vatn og ingen dåp. Men med Guds ord
er det livsens vatn som gjev Hans nåde, og eit bad
som gjev ein ny fødsel og evig liv, ved Den Heilage
Ande.

Kvar står det skrive?
Apostelen Paulus seier:

"Gud frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort
rettferdige gjerningar, men fordi han er
misikunsam. Han frelste oss ved det badet
som etterføder og fornyar ved Den Heilage
Ande, som han i rikt mål har rent ut over oss
ved Jesus Kristus, vår frelsar. Så skulle vi ved
hans nåde stå rettferdige for Gud og verta
arvingar til det evigelivet, som er vår
von." (Tit. 3,5-7).

Kva vil det seja å verta døypet med vatn?

Det vil seja at den gamle Adam i oss skal druknast ved
dagleg anger og bot, og døy med alle sine synder og
vonde lyster. I staden skal eit nytt menneske dagleg
stå opp og leva evig for Gud i rettferd og reinleik.

Kvar står det skrive?

Apostelen Paulus seier:

"Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte
med denne dåpen til døden. Og liksom Kristus
vart oppreist fra dei døde ved Faderens
veldige kraft, skal vi og leva eit nytt liv." (Rom
6,4).

(Etter Asle Dingstad/FBB, utkast av 1979, 1986 og 1990)



Soknepresten i Øygarden
Postboks 144, 5331 Rong
Tlf: 56 38 22 44 Mobil: 950 67890
sokneprest@kyrkja.net
<http://www.kyrkja.net>

"Vil de at dette barnet skal verta
døypet til namnet åt Faderen og Sonen
og Den Heilage Ande, og oppsedast i
den kristne forsaking ogtru?"

Kva vil det sei å svara Ja! på
dåpsspørsmålet?



"Ja visst vil vi at barnet vårt skal bli døypet!"

Men hva tyder det å bli døypet?

Kva lover vi?

Er dåpen meir enn ein seremoni?

Ved dåpsspørsmålet:
"Vil de at dette barnet skal verta døypet til namnet åt
Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og oppsedast i
den kristne forsaking ogtru?"

Dette er eit alvorleg spørsmål, som ingen av oss bør
svara ja på før vi har tenkt skikkeleg gjennom koa det
eigentleg tyder. Som foreldre og fadrar skal vi ein gong
stå til ansvar for korleis vi har teke vare på denne
viktige oppgåva frå Gud.

Det er barnet det gjeld. Alle som er foreldre og fadrar vil
så gjerne gje borna det beste. Det vil Gud også! Les meir i
dette heftet om koa Gud gjev oss i den heilage dåpens
sakrament og kva dåpen forpliktar oss til som foreldre,
fadrar og kyrkjelyd.

Fire punkt er oppsett til å tenkje over for alle.

På slutten av kvart punkt får du så nokre spørsmål. Om
du vil svara ja på desse treng du ikkje twila på om du
skal bera barnet ditt fram til dåpsspørsmålet.

Alt ligg då til rette for eit positivt møte med kyrkja,
og ein rik dåpsdag du aldri vil gløyme.
...Lat småbarna koma til meg og
hindra dei ikkje for Guds rike høyrer
slike til...

Mark. 10,13-16

4 spørsmål til å tenkje over:

Dåpen og Jesus.

1. Dåpen høyrer saman med Jesus.

Å bera barnet sitt til dåpen er det same som å bera det til Jesus.

I dåpen har Jesus lova oss å give oss alt det Han vann for oss då Han døydde på krossen for våre synder og ved si oppstode signa over døden og den onde.

Jesus vil også gi barnet eit heilt nytt liv som held i tid og æve. Han vil gjera barnet til Guds bom, med retten til å leva i syndsforlating og til å kalla Gud for vår Far i Himmelten.

Tenk gjennom fylgjande spørsmål:

Vil du at barnet ditt skal tilhøyrja Jesus og leva som Hans læresvein?

Dåpen og kyrkjelyden.

3. Dåpen høyrer saman med den heilage kristne kyrkja.

Ved dåpen vert barnet medlem i den kristne kyrkja og i den kristne lokalkyrkjelyden.

Dette er Gud sin familie på jorda.

Her er alle døpte kalla til å veksa opp i ein kristen fellesskap og leva det kristnelivet.

Gudstenesta på sundagen er hovudsamlinga for alle kristne. Der tener Gud borna sine med sitt heilage ord og dei heilage sakramenta. Der får vi som trua tenu Han med lovsong og tilbeding, takk og tru.

I den kristne kyrkja er det også mange andre samlingar om bibel og bøn, som i kyrkja på kvardagar, i sondagsskulen, i barne-og ungdomsarbeidet, og på bedehuset.

Med sin Ande sender Gud borna sine ut til teneste for Han i kvardagen.

2. Dåpen høyrer saman med trua.

Skal dåpen vera til frelse, må Guds gavetakast imot i tru.

Men kan eit lite barn tru?

Nar vi døyper små born skjønar vi kanskje meir av kva kristen tru eigentleg er. Å tru på Jesus er ikkje ei frigjerning eller "å ta seg saman", men å ha heil og full tillit til det Gud gjer.

Å tru er å komat til Jesus, og la Gud handle med seg.

Men trua må vera medvitet og personleg tilegna. Difor må ho ha stadig næring. Denne næringa må foreldre og fadarar vera viljuge til å la barnet få del i.

Tenk gjennom fylgjande spørsmål:

Vil du, saman med kyrkjelyden, sjå til at trusliveit til det nysfødde barnet får den næringa det treng?

Dåpen og den kristne heimen.

4. Dåpen høyrer saman med ein kristen heim.

Det er foreldra som bærer hovudansvaret for barnet si utvikling. Ikkje noko er difor viktigare enn at barnet merkar at mor og far ynskjer å visa det vegen til Jesus. Difor trengs ein kristen heim, som tek Guds ord og bod alvorleg.

Nokre foreldre kan kjenna det slik at dei har eit uferdig tilhøye til den kristne trua. Tross dette kan dei ha eit sterkt ynskje om at barnet deira skal få ei levande tru.

Til dei som kjenner det slik vil vi seia: Det er ikkje først og framst foreldra si tru som gjer dåpen til ein rett dåp, men Jesu ord og løffe.

Men at foreldre og fadarar må gje barnet ein reell sjanse til å lære Jesus å kjenne er siklert.

Dette kjem klårt fram ved at de i kyrkja sin dåpsliturgi tek på dykk ei heilag forplikting til å "be for barnet, læra det sjølv å be, og hjelpe det til å bruka Guds Ord og Herrens nattverd, for at det kan vernta verande hjå Kristus når det veks opp, liksom det ved dåpen vert sameint med han."

Du skal også vera med å vedkjemast forsakinga og trua som barnet vert døpt til, og også: svara Ja! ved døypefonten. Utan ei slik tilslutning til den kristne trua kan ikke dåpen forrettast.

Difor er det avgjerande viktig at foreldra sjølv vil fylge borna sine dei første skritt på trusvegen. Slik kan Gud skapa tru både i borna og foreldra sitt liv.

Tenk gjennom fylgjande spørsmål:

Vil du la barnet ditt få lære Jesus å kjenne ved å gje det eit kristent trusmål i heimen din slik at barnet fra første stund får kjenne tryggleiken ved å vera eit Guds barn? Ved borthøn, aftanbøn og samtale med barnet om Jesus? (Gjerne ved hjelp av barnebibel, kristne barnebaker, kristen musikk, bilete, m.m.)

SPØRSMALETT VED DØYPEFONTEN ER DIFOR EIT PERSONLEG FORPLIKTANDE SPØRSMAL!

<http://www.kyrkja.net/dopi1.htm>

KVA VIL DET SEIA Å SVARA JA! VED DØYPEFONTEN?

Ved døypefonten får foreldre og fadrar fylgjande spørsmål: «Vil de at dette barnet skal verta døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og oppsedast i den kristne forsaking og tru?» Dette er eit svært alvorleg spørsmål, som ingen av oss bør svara ja på før vi har tenkt skilkeleg gjennom kva det eigentleg tyder. Som foreldre og fadre skal vi eingong stå til ansvar for korleis vi skjøtta dette høge kallet frå Gud. Då er det godt å ha klare forestillingar om kva det går ut på førehand.

Her følgjer fire punkter til ettertanke for alle.

Eg kjem til å stille deg nokre spørsmål på slutten av kvart punkt. Om du vil svara ja på desse treng du ikkje tvila på om du skal bera barnet ditt fram til døypefonten.

1. Dåpen høyrer saman med Jesus.

Å bera barnet sitt til dåpen er det same som å bera det til Jesus.

I dåpen har Jesus lova oss å gje oss alt det Han vann for oss da han døydde på krossen for våre synder og sigta over døden og den onde.

Jesus vil også gje barnet eit heilt nytt liv som held i tid og øve. Han vil gjera barnet til Guds bam, med retten til å leva i syndforlating og i barnekår hos Gud, vår Far.

Tenk gjennom følgjande spørsmål:

Vil du at bamet ditt skal tilhøyra Jesus og leva som Hans læresvein?

2. Dåpen høyrer saman med trua.

Skal dåpen verta til frelse, må Guds gave takast imot i tru.

Den vesle katekisma seier: «Vatn gjer det ikkje, men Guds Ord som er saman med vatnet, og trua som lit trygt på dette ordeb.»

Men, kan eit lite barn tru?

Nar vi døyper små born vert det meir enn nokon gong klårt for oss kva kristen tru eigentleg er. Trua er ikkje ein from gjerning eller eit krafttak av forstanden, men ein uforbeholden tillit til det Gud gjer.

Tru er å koma til Jesus, og la Gud handle med seg.

Men trua må etter kvart verta medviten og personleg tillegna. Difor må ho ha stadig næring. Denne næringa er de foreldre og fadrap kalla til å la barnet få del i.

Tenk gjennom følgjande spørsmål:

Vil du, saman med kyrkjelyden, leggja opp eit ernæringsprogram for det nysfødde truslivet åt bamet?

3. Dåpen høyrer saman med kyrkjelyden.

Ved dåpen vert barnet medlem i den Heilage kristne kyrkja.

Dette er Gud sin familie på jorda. Men han fins også der du bur!

I den kristne kyrkja og i den kristne lokalkyrkjelyden er alle døpte kalla til å veksa opp i ein kristen fellesskap og leva det kristne livet.

Gudstenesta på sundagen er hovedsamlinga for dei kristne. Der tener Gud borna sine med sitt Heilage Ord og Dei Heilage Sakramenta. Der får vi som trur tana Han med lovsong og tilbeding, takk og tru.

I den kristne kyrkja er det også mange andre samlingar, om Bibel og bøn, som i kyrkja på kvardagar, i sondagsskulen, i barne- og ungdomsarbeidet, og på bedehuset.

Fra alle desse samlingane sender Gud borna sine ut til kvardagsteneste for Han.

Å ynskle dåpen for barnet sitt utan å ynskle forkynninga av Guds ord og samværet i kyrkjelyden fører ikkje til ein rett bruk av dåpen.

Tenk gjennom følgjande spørsmål:

Vil du, med den hjelpe kyrkjelyden kan gje gjennom sondagsskule, bamearbeit, gudstenester, og dåpsopplæring, vera med å føre barnet ditt inn i fellesskapen i kyrkjelyden?

4. Dåpen og den kristne heimen.

Det er foreldra som bærer hovudansvaret for barnet si utvikling. Ikkje noko er difor viktigare enn at barnet merker at mor og far ynskjer å visa dei vegen til Jesus. Difor trengs kristne heimar, som tek Guds Ord og Bod alvorleg.

Nokre foreldre kan kjenna det slik at dei har eit userdig tilhøve til den kristne trua. Tross dette kan dei ynskle at barnet deira skal få ei levande tru.

Til de som kjenner det slik vil eg seia: Det er ikkje først og framst foreldra si tru som gjer dåpen til ein rett dåp, men Jesu Ord og løfte.

Men at foreldre og fadre må ha eit positivt forhold til den kristne trua er sikkert.

Det kjem klårt fram ved at du i kyrkja sin dåplsliturgi tek på deg ei Heilag forpliktning om å *abe for barnet, lera det sjølv å be, og hjelpa det til å bruka Guds Ord og Herrens nattverd, for at det kan vera verande hjå Kristus når det veks opp, liksom det ved dåpen vert sameint med han.*

Du skal og vera med å vedkjennast *forsakinga og trua* som barnet vert døypt til, og altså: svara *Ja!* ved døypefonten.

utan ei slik tilslutning til den kristne trua kan ikkje dåpen forrettast.

Difor er det avgjerande viktig at foreldra sjølv vil fylge borna sine dei første skritta på trusvegen - slik kan Gud skapa tru både i borna og foreldra sitt liv.

Tenk gjennom følgjande spørsmål:

Vil du legge til rette for eit kristent trusmiljø i heimen din slik at barnet frå første stund får kjenna tryggleiken ved å tilhøyra Jesus? Ved bordbøn, astantbøn og samtale med barnet om Jesus? (Gjerne ved hjelp av barnebibel, kristne barnebøker, kristen musikk, bilete, m.m.)

SPØRSMÅLET VED DØYPEFONTEN ER DIFOR EIT PERSONLEG FORPLIKTANDE SPØRSMÅL!

Nokre som les denne vesle utgreiinga om ei rett dåpsførebuing vil spørje seg sjølv: *Er det rett av meg å be om dåp for barnet mitt? Det er godt og naudsynleg spørsmål. Men er du i tvil, skal de vita at presten alltid vil hjelpe til med ei avklaring så godt han maktar det. Lat ein samtale med han vere eit fyrste steg på vegen.*

Svenn M.

